

# Prosjektskjønn Søknad

## Søker

Org. nr 951549770  
Navn Meland Kommune  
Adresse Postboks 79  
5906 Frekhaug  
Norge  
Kontaktperson HELGE KVAM (helge.kvam@meland.kommune.no)

## Prosjekt

Prosjektnummer 12-18-0018  
Prosjektnavn Samordning av velferdsteknologi Alver kommune (Meland, Radøy og Lindås)  
Søknadssum 800000 kr  
Fra dato 01.01.2017  
Til dato 31.12.2019  
Prioritet 1

## Annen finansiering

kr 800000                                      Eigenfinansiering                                      50%

## Samarbeidspartnere

Navn	Adresse	Kontaktperson
Lindås Hordaland	Lindås Kommune Felles Postmottak Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø Norge	Leni Dale Leni.Dale@lindas.kommune.no 56375000
Radøy Hordaland	Radøy Kommune Radøyvegen 1690 5936 Manger Norge	Grete Algrøy Herøy grete.algroy.heroy@radoy.kommune.no 56349000

### Utfordringene det skal taes tak i:

Demografiske endringar med fleire yngre brukarar, fleire med kroniske sjukdomar og eit aukande tal eldre gjev nye utfordringar innan helse og omsorg. Politiske føringar med nye reformar har ført til at kommunane har fått større ansvar for tenester som tidlegare låg under spesialisthelsetenesta. Auka bruk av teknologi som støtte i tenesteyting opnar for ny utforming av tenestetilbodet. Frå 2020 skal Meland, Radøy og Lindås saman bli Alver kommune. Desse har i dag ulik ståstad når det gjeld kompetanse, implementering og bruk av velferdsteknologi. For å nå felles ståstad og kunne yte likeverdige tenester til innbyggjarane i Alver kommune, må ein iverksetje tiltak og målretta samhandling. For å lukkast må ein m.a. ha fokus på endringsleiing. Prosjektet er og i tråd med nasjonale føringar jfr Omsorg 2020

### Styrke kommunen innen rollene:

- ∞ Lokaldemokratisk arena
- ∞ Tjenesteprodusent

### Mål og hvordan det skal gjennomføres:

Hovudmål: I 2020 er velferdsteknologi ein naturleg del av tenestetilbodet i Alver kommune. Innbyggjarane skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø. Gjennomføring: 1) Prosjektorganisering - sjå vedlagt prosjektmandat versjon 20.12.17. 2) Meland og Radøy får gå inn på like vilkår som Lindås vedr kontrakt med Atea AS på velferdsteknologiske løysingar. 3) Felles opplæring på bruk av utstyr. 4) Lindås skal bidra med sine erfaringar frå "Lindåsprosjektet" i felles ressursgrupper, opplæringsplanar, workshops, arbeidsgrupper og prosjektleiing. 5) Utarbeide felles kriterie for tildeling av tenester. 6) Utvikle felles responsentertenester.

### Sektorer prosjektet omfatter:

- ∞ Administrasjon og styring
- ∞ Pleie og omsorg
- ∞ Kommunehelse

### Virkemidler som skal benyttes:

- ∞ Interkommunale samarbeid
- ∞ Opplæring, erfaringsdeling og diskusjon
- ∞ Styringssystemer
- ∞ Planlegging
- ∞ Organisatoriske
- ∞ IKT
- ∞ Innovasjon

### Begrunnelse for valg av virkemiddel/virkemidler:

Kommunesektoren er i omstilling med utfordringar m.a. knytt til rekruttering av relevant fagpersonell, effektivisering av drift og prioriteringar ut frå dette. Implementering av velferdsteknologi i helse og omsorgstenesta er utfordrande nybrotsarbeid. Det krev endringsleiing og ny tilnærming til styring, forvaltning og tenesteutøving. Prosjektet er forankra politisk og administrativt, og forankring hjå alle tilsette må prioriterast for å lukkast. God tverrfagleg og tverretatleg samhandling er naudsynt.

### Vedlegg:

- ∞ Mandat delprosjekt Alver.pdf